# sørfrøningen

INFORMASJONSAVIS FOR SØR-FRON KOMMUNE | **NOVEMBER 2022**




Den grøne kulturbygda SIDE 6

Helsevaluta i banken SIDE 8

Ein skule for alle SIDE 12

Kor skal vi bygge og bu? SIDE 16

sørfrøningen

er gitt ut av Sør-Fron kommune.

**Redaktør:** Bjørn K. Sletten,
TLF 61 29 91 54
E-POST bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no

**Redaksjon:** Brit Synnøve Berge, Grete Hølmen, Åge Øverjordet, Anita Skjeggestad Nord, Eivind Lund og Bjørn K. Sletten.

**Framsidefoto:** Brit Synnøve Berge

**Baksidefoto:** Bjørn K. Sletten

**Utforming:** Janne Kolås, Krible design

# Framtidsvon i fagre Fron

Det er ei stund sidan siste utgåve av «Sørfrøningen», men kommunestyret tilleggsløyvde pengar på tampen av året slik at det kan sendast ut til alle innbyggarar, næringsdrivande og hyttefolk.

Tida sidan siste utgåve av «Sørfrøningen» har vore sterkt prega av pandemi, omfattande restriksjonar, inngripande tiltak og alvorlege konsekvensar for så mange – både unge og gamle. Så blir vi raskt einige om at vi gjekk frå ei spesiell tid rett inn i ei anna, med brutal krigføring i Europa. Og alt som ligg i det.

Parallelt med og midt oppe i alt dette skal kommunen levere gode tenester kvar dag. Heldigvis har kommunen flinke og dyktige tilsette som gjer at ein klarer det. Sjølvsagt er det alltid forbetringspotensiale, og kommunen tek gjerne imot råd om korleis tenestene kan bli enda betre.

Eg nemner gjerne at til tross for koronaviruset vart det sommaren 2021 gjennomført ein svært vellykka tusenårsfest og tusenårsmarkering i samarbeid med mange gode krefter. Frammøtet var formidabelt, og programmet hadde høgt kvalitativt nivå. Det kan eg trygt seie fordi så mange sa akkurat det til meg. Eit mål med markeringa var å styrke framtidstrua, og tusenårsfesten og tusenårsmarkeringa gjorde det, og ga framtidsvon i fagre, fruktbare og frodige Fron – for å sitere frå diktet Roar Jørstad skreiv for mange år sidan.

Det siste året ha vi opplevd at fleire unge har fløtt heimatt eller hit. Nokon startar eige næringsverksemd, nokon startar i jobb, nokon pendlar, og nokon kombinerer jobb andre plassar med heimekontor. Vi blir fort einige om at vi skulle hatt enda fleire arbeidsplassar i kommunen og i regionen, men betre nett gjer det mogleg å arbeide frå heime eller hytta for den som kan det. Ferdigbygd E6 ville opplagt også betydd mykje for mange.

Innimellom kan vi gjerne tenkje over kor priviligerte vi fortsatt er. I tillegg til å følgje gamle og gode råd om eigen beredskap og eigen situasjon, skal vi framover fortsette å bry oss om kvarandre, og sette pris på alle som stiller opp. Og ha trua på framtida.



*Ole Tvete Muriteigen*
ORDFØRAR I SØR-FRON



# Gjerde rundt hytta: Hva er lov og hva er ikke lov?



Kommunen får en del henvendelser om inngjerding av fritidseiendommer.

Sør-Fron kommune får en del henvendelser vedrørende oppføring av gjerde rundt fritidsboliger. Det er ulikt fra kommune til kommune hvordan dette praktiseres. Så hva er egentlig lov og ikke lov i vår kommune?

Dårlige gjerder og usikrede bygninger er dyrefeller for både beitedyr og ville dyr. Beitedyr i hytteområder kan være problematisk, da få hytteeiere ønsker å ha beitedyr rundt hyttene sine. Bruk av gjerder i hytteområdene er stadig kilde til konflikt. Det har vært flere tilfeller av dyretragedier i kommunen siste årene hvor sau har satt seg fast i oppsatte strømgjerder uten strøm og uten tilsyn, eller andre tråd/nettinggjerder.

## Bestemmelser i Sør-Fron

I Sør-Fron kommune er det følgende bestemmelser for gjerding av fritidseiendommer: For tomter avsatt til fritidsformål kan det gjerdes inn et samlet areal på inntil 300 m². Gjerdet skal være sammenhengende og av typen skigard, eller annen type tregjerde. Bygninger som fungerer som en del av gjerdet, blir ikke regnet som inngjerdet areal. Eier har ansvaret for at bygninger og gjerde er sikret slik at beitedyr ikke går seg fast.»

Det er ikke tillatt å sette opp strømgjerde eller nettinggjerde på fritidseiendommer i Sør-Fron.

Oppføring av gjerde er ikke søknadspliktig, men kommunen ønsker å få tilsendt kart over inntegnet areal på fritidseiendommen som er inngjerdet. For at gjerdet skal være lovlig oppsatt må det være i henhold til bestemmelser i plan. Kommunen vil føre tilsyn og pålegge retting der det oppdages ulovlige gjerder.

## Viktige telefonnummer

**Kommunalteknisk døgnvakt (vann og avløp):** 911 63 689

**Kommunale veier døgnvakt:** 950 39 429

**Vakttelefon bygningsdrift:** 916 15 863

**Hjemmetjenesten (hjemmesykepleien):** 913 53 955

**Sørheim omsorgssenter, langtidsavdeling B:** 480 25 098

**Sørheim omsorgssenter, langtidsavdeling C:** 480 27 557

**Sørheim omsorgssenter, demensavdeling B:** 913 49 168

**Sørheim omsorgssenter, avdeling E:** 480 28 417

**Sørheim omsorgssenter, korttid:** 475 15 687

**Sørheim omsorgssenter, natt-tjenesten (kl. 22.15–07.30):** 910 00 908

**Barnevernvakt (kl. 15.00–08.00 og i helgene):** 404 04 015

**Veterinærvakt Fron:** 61 29 14 00

**Mattilsynet:** 06040

**Fallvilt, politi:** 02800

**Rovvilt, juni–september (bemannet kl. 07.00–22.00):** 948 78 944

**Lege**
Sør-Fron legesenter: 61 29 91 00
**Åpent:** mandag–fredag kl. 08.00–15.00
Nasjonalt nummer legevakt: 116 117
Øyeblikkelig hjelp: 113

**Brann**
Midt-Gudbrandsdal brann- og feiervesen: 61 28 31 80
Vakttelefon brannvesen lokalt: 975 88 395
Øyeblikkelig hjelp: 110

**Politi**
Fellesnummer: 02800
Midt-Gudbrandsdal politistasjon: 61 05 32 10
Øyeblikkelig hjelp: 112



# En hilsen fra rådmannen

Det er med stor glede at vi førjulen 2022 deler med dere historier og hendelser som har skjedd i Sør-Fron kommune dette veldig spesielle året.

Vi er i ferd med å legge bak oss et år som ble helt annerledes enn de fleste hadde sett for seg. Ved inngangen til 2022 håndterte vi etterdønningene etter en pandemi som har krevd mye av kommunen og dens ansatte. For ikke å snakke om belastningen på våre innbyggere og næringslivet. Vi så for oss litt smulere farvann.

Nå er beredskapen høynet. I kommunen har vi et oppdatert planverk som skal hjelpe oss å håndtere det uforutsette. Gjennom pandemien har vi fått en samkjørt og beslutningsdyktig kriseledelse som står i beredskap og er klar.

Når dette skrives i slutten av oktober er administrasjonen i ferd med å legge de siste tallene på plass i budsjettet for 2023. Økte strømpriser og økte renter er krevende å håndtere også for oss som kommune. Fremdeles er det usikkerhet rundt kommunens inntektsside og hvilke konsekvenser endringer i konsesjonsbestemmelsene for salg av kraft vil få for oss. Vi skal i 2023 fortsette forbedringsarbeidet vårt for å gi våre innbyggere et best mulig tjenestetilbud. Sammenligningsstudiene som gjennomføres hvert år for kommunene viser en positiv utvikling for kommunen vår. På kommunebarometeret ligger vi på 3.plass innenfor helse og på 40.plass innenfor økonomi. Det er vi stolte av!

I inneværende år har vi fått nyttige tilbakemeldinger fra de av innbyggerne våre som har hytte i kommunen. Fantastisk at oppslutningen og responsen rundt hytteundersøkelsen ble så god som den ble – og jeg kan love at funnene vil bli brukt i arbeidet vårt fremover.

Av viktige saker som har blitt behandlet i 2022 vil jeg trekke frem tre. Kommunestyret har besluttet ny skolestruktur for kommunen. Et krevende arbeid for enhver kommune hvor administrasjonen nå jobber med å realisere vedtaket. For det andre har vi bosatt flere flyktninger enn vi noensinne har gjort. At flere unge har valgt å flytte tilbake til kommunen og at noen hytteeiere har valgt å bosette seg på hyttene sine, gjør at kommunen også i 2022 ser ut til å øke innbyggertallet. Det er vi veldig glade for!

Avslutningsvis vil jeg reklamere for kommunens nylig vedtatte samfunnsdel i kommuneplanen. Her står bærekraft, kultur og miljø sentralt. Den grøne kulturbygda er vår nye visjon og ledetråd. Vi gleder oss til å fortsette arbeidet med å videreutvikle Sør-Fron som et godt bosted i alle livets faser – hvor hjemstedsstoltheten skal være sterk.

Vi takker for samarbeidet i året som er i ferd med å ebbe ut, med de beste ønsker for en stemningsfull god jul og et fredfullt nytt år.

*Rune Fromreide Sommer*
RÅDMANN I SØR-FRON



# Ein møteplass for alle

Sør-Fron har fleire sosiale møteplassar, men vi vi veit også at er det noko sørfrøningane ønskjer, så er det å treffes. Derfor har vi opna ein ny møteplass – på gode, gamle Svendsen kafé!



Målet er at Svendsen skal bli ein arena for gode opplevingar og ein veg inn i jobb og eller skule.

Målet med Svendsen er å legge til rette for og skape sosiale møteplassar i Sør-Fron kommune. Svendsen skal vera ein lågterskel møteplass for folk i alle aldre og har ope to gonger i veka.

– Svendsen kafe er ein godt kjent møtestad med mange mogleikar. Målet er at Svendsen skal bli ein arena for gode opplevingar og ein veg inn i jobb og eller skule, fortel tenesteleiar for familie og mestring i Sør-Fron kommune, Anita S. Nord.


Det er godbitar å få kjøpt på Svendsen!

## Mange er innom

Svendsen skal vera ein møteplass for alle, seier Nord.

– Om du ønskjer å kome deg ut av huset, og har lyst til å sjå folk, så ta deg ein tur til Svendsen! Hit kan du kome åleine eller i lag med nokon. Her kan du slå av ein prat med folk over kaffekoppen. Vi har ein enkel meny. Måndag og onsdag frå kl. 10–14 er døra open. Alle er vekomne, seier Ina Walaker som oftast er å finne bak disken på Svendsen.

## Det er mellom 20 og 40 besøkande kvar gong.

Det er viktig for Sør-Fron kommune å legge til rette for møteplassar i sentrum. Svendsen kafe er den andre møtestaden som på kort tid opnar i sentrum. Du kan lese meir om tilbodet på Hjertebanken på side 8.

– Nå kan du trene fyrst i Hjertebanken og så gå på Svendsen og kjøpe ein kaffe etterpå!, reklamerer Anita S. Nord.

Du kan følgje med på kva som skjer på Svendsen på Facebook: Møteplassen Svendsen.

## Søk støtte frå næringsfondet!

Sør-Fron kommune tilbyr eksisterande næringsliv og nye etableringer å søkje om midlar frå kommunalt næringsfond. Næringsfondet er eit verktøy for å fremje næringslivet, sysselsetjinga og busetnaden i Sør-Fron kommune. Hovudmålsettinga er å skape fleire arbeidsplassar og/eller å ta vare på dei arbeidsplassane vi har.

### Kommunale næringsfond skal brukast slik:

- *Støtte eksisterande næringsliv i kommunen.*
- *Verdiskapningspotensialet på kort og lang sikt skal vera ein del av vurderinga.*
- *Legge til rette for ny næringsetablering og entreprenørskapskultur.*
- *Støtte opp under regionale satsingar.*
- *Auke kompetansen og legge til rette for nettverksbygging.*

På heimesida til kommunen kan du lese retningslinene for næringsfondet og finne ut om di verksemd har rett på støtte. Søknad om støtte frå næringsfondet sendes via elektronisk skjema på regionalforvaltning.no

**Fondet har ingen faste søknadsfrister.**

*Ta kontakt med næringsleiar Bjørn K. Sletten, bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no om du har spørsmål!*

# Sør-Fron – den grøne kulturbygda

Kommuneplanens samfunnsdel ble vedtatt i kommunestyret 08.09.2022. Samtidig vedtok politikerne en ny visjon for kommunen vår: Den grøne kulturbygda.

Samfunnsdelen er det viktigste verktøyet om skal brukes til å forme og gi retning for Sør-Fronsamfunnet i årene framover.

– Planen beskriver utfordringer og fastsetter langsiktige mål og strategier som bli gjeldende for hele kommune fram til 2035. Kommuneplanen legger føringer for alt av planarbeid, kommunens årlige handlingsprogram og budsjett. Samfunnsdelen inneholder også en arealstrategi som gir overordna føringer for arealutviklingen, forteller Grete Hølmen, som er planlegger i Sør-Fron kommune og har hatt hånda på rattet i arbeidet med samfunnsdelen.

## Ny visjon

I arbeidet med samfunnsdelen har visjonen til Sør-Fron kommune blitt endret til «Den grøne kulturbygda».

I planen står det at «Sør-Fron kommune skal ha Kunnskap om å Utvikle et Levende og trygt lokalsamfunn for å skape Trivsel og stolthet for barn og Unge med den Grøne KULTURBYGDAS (framtidige) Ressurser». Den oppvakte leser vil se at bokstavene sammen danner ordet kultur.

Hovedmålene (se faktaboks) beskriver tilstanden og resultatene vi ønsker å oppnå i samhandling med innbyggerne, samfunnet og for organisasjonen.

– Under hvert hovedmål, har vi delmål (slik vil vi ha det) og strategier (slik gjør vi det) som samlet skal bidra til at vi når hovedmålene.

For å nå visjonen og få en bærekraftig utvikling må det settes et fokus på å leve hele livet og tidlig innsats for barn og unge, det er de som er fremtiden i Sør-Fron. Det gjennomgående temaet i Sør-Fron kommune er «leve hele livet».



Kommunestyret i Sør-Fron har vedtatt ny samfunnsdel og ny visjon. Det peker retning for Sør-Fron kommune de neste åra. **Foto:** Bjørn K. Sletten

## Vårt verdigrunnlag

Sør-Fron er ei trygg, inkluderende og innovativ kulturbygd med muligheter for alle. Skaperkraft og hjerterom i den grøne kulturbygda skal legges til grunn for alt vi gjør og legge til rette for gode møteplasser. Troen på samhandling, likeverd og fellesskap skal være førende for hvordan vi løser og utvikler våre oppgaver sammen.

– Sør-Fron kommune skal være en innovativ kommune gjennom digitalisering. Vi er stolt av å kunne levere gode tjenester til kommunens innbyggere hver dag. For at vi skal opprettholde gode tjenester i årene som kommer, må vi tørre å utfordre det kjente og utforske det ukjente. Sør-Fron skal ideelt sett være slik som i ordskyen under i 2035, sier Grete Hølmen.




Sør-Fron skal ideelt sett være slik som i ordskyen over i 2035, sier Grete Hølmen.

### Samfunnsdelen har 6 hovedmål som handler om:

- Den grøne kulturbygda skal være et miljø-økonomisk samfunn
- Den grøne kulturbygda skal samarbeide for å finne gode løsninger på framtidens utfordringer
- Den grøne kulturbygda skal være inkluderende og mangfoldig
- Den grøne kulturbygda skal jobbe helsefremmende
- Den grøne kulturbygda skaper hjemstedstolthet
- Den grøne kulturbygda er dyktig og langt fremme på digitalisering






Fritidsstipendet er ei felles ordning for dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen.

# Nå tilbyr vi fritidsstipend til barn og unge

Sør-Fron kommune har innført ordning med fritidsstipend. Målet med tilskotsordninga er å legge til rette for at alle barn og unge skal ha mogleik til mestring og samfunnsdeltaking ved å delta i fritidsaktivitetar.

– Målgruppa er sårbare barn og unge opp til 24 år som av ulike grunnar ikkje har økonomisk mogleik til å delta i fritidsaktivitetar, fortel kulturmedarbeidar Stian Stø Dørum.

Så langt har det vore gjennomført ei tilskotsrunde, og alle som søkte i fyrste runde fekk tildelt stipend.

– Nå er det ny søknadsfrist 1. desember, men vi tek imot søknader fortløpande, fortel Dørum.

Søknadsskjemaet er digitalt og ligg tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.

**Fritidsstipend gjeld for:**
Kontingentar til ein fast organisert fritidsaktivitet der det blir betalt ei fast deltakaravgift (ikkje treningssenter).

**Søknadsfrist:**
Årleg søknadsfrist 1. mai og 1. desember. Du søkjer til kommunen.

- *Ordninga er finansiert med kommunal eigenandel og med tilskot fra BUF-dirordninga «Tilskudd til inkludering av barn og unge.»*
- *Budsjettet er begrensa og vil bli fordelt innafor tilgjengelege midlar. Dvs. ingen har krav på å få innvilga sin søknad.*
- *Oppgjer for deltakaravgift foregår mellom kommunen og organisasjonen.*



Hjertebanken samler mange ulike grupper til trening, fysisk aktivitet og rehabilitering.

# Det banker et hjerte på Hundorp



Ordfører Ole Tvete Muriteigen klipte snora 1. april – siden da har Hjertebanken vært et bankende hjerte i sentrum.
**Foto:** Bjørn K. Sletten

1. april 2022 åpnet Hjertebanken på Hundorp. Hittil må nysatsingen sies å ha vært en skikkelig suksess.

I dette bygget er de private fysioterapeutene, de kommunale fysioterapeutene og Frisklivssentralen samlokalisert.

– Målet med kjøp av bygget og samlokaliseringen var at Sør-Frons befolkning skulle få et større og bedre tilbud innenfor fysisk aktivitet, rehabilitering og gruppetrening, forteller fysioterapeut og frisklivskoordinator Therese Klaussen. Hun forteller om stor aktivitet i bygget.

– De private fysioterapeutene har sitt faste tilholdssted med alle sine tilbud, samt den kommunale fysioterapitjenesten og Frisklivssentralen har en stor del av driften sin i bygget.

Se neste side for de forskjellige gruppene og tilbudene som er per i dag.

## Heidra tilsette og pensjonistar

Sør-Fron kommune inviterte tidlegare i haust til markering av pensjonistar og tilsette med 25 og 35 års tenestetid.

Det vart storstilt feiring og merksemd da Sør-Fron kommune, etter pandemien, ba inn til markering for dei som har vorte pensjonistar og for tilsette i kommunen med 25 og 35 års tenestetid for åra 2021 og 2022.

Rådmannen ønskte velkome og kvar og ein vart takka for innsatsen i Sør-Fron kommune. Deretter heldt ordføraren tale.

Elevar frå Vinstra vidaregåande skule, gruppa Hildring, underheldt med friske tonar og høgt ferdigheitsnivå.

Det vart ei hyggeleg markering, med triveleg samvær, god mat og underhaldning på Rudi gard.



25 års teneste 2021.



25 års teneste 2022.



35 års teneste 2022.



Pensjonistar 2021.



Pensjonistar 2022.

## Sterk og Stødig

Dette er treningsgrupper for deg som er over 65 år, går uten hjelpemiddel inne og som stort sett klarer deg på egenhånd hjemme. Gruppene blir ledet av frivillige instruktører, som er kurset innen konseptet Sterk og Stødig. Gruppene foregår mandager kl. 10.45–11.45 og torsdager kl. 12.30–13.30.

**Ta kontakt med fysioterapeut Therese Klaussen for å bli med: tlf 909 60 503.**

## Frisklivssentralen

Det er treningsgrupper to dager i uka gjennom Frisklivssentralen på Hjertebanken. Tirsdager kl. 14.00–15.00 er det styrketrening med sirkeltrening, og torsdager kl. 14.00–15.00 er det kondisjonstrening der fokuset er å få opp pulsen. Dette er treningsgrupper alle kan bli med på! I tillegg har Frisklivssentralen bassengtrening kl. 08.30 onsdager på Fron badeland.

**Ta kontakt med Frisklivssentralen på tlf 909 60 503 for deltakelse.**

## Aktiv mot kreft

Treningstilbud for deg som har/har hatt en kreftsykdom, enten du er i behandling eller er ferdig behandlet. Mandager kl. 09.30–10.30 er det sirkeltrening i salen i 1. etasje med fokus på styrke, utholdenhet og balanse. Torsdager kl. 09.30–10.30 er det styrketrening i apparatsalen i 2. etasje. Etter timen tilbys kaffe, te og sosialt samvær med de andre gruppedeltakerne. Egenandel fastsatt av Helfo. Inngår i frikortordningen.

**Ta kontakt med Ingrid Wadahl, fysioterapeut og Aktiv mot kreft-instruktør, tlf: 90083637**

## Fitnessboksing

Fitnessboksing er en morsom måte å trene styrke, kondisjon og motorikk som passer alle over 15 år. Treningsformen gir glede og er stressreduserende. Mandager kl. 17.00–18.00 og kl. 19.00–20.00.

**Ta kontakt med Keijo Korpela for mer informasjon, tlf: 95824344**

## Yin Yoga med Ellen

Onsdag kl.18.30–20.00. Beskrivelse av timen fra instruktør Ellen Clausen: Yin yoga er en myk og rolig form for yoga hvor vi strekker og «stresser» kroppens bindevev. Hver yogaklasse starter med en enkel meditasjon for å lande kropp og sinn. Yin yoga kommer fra tradisjonell kinesisk medisin og innebærer at vi jobber med kroppens energibaner (meridianer). Yin yoga oppleves ofte som myk og god selv om noen posisjoner kan oppleves som krevende. Alle utøver yin yoga ut i fra det stedet de selv er, uten å presse seg inn i noe som helst. Det er ingen krav til at du må være myk på forhånd, eneste kravet til denne klassen er at du kan sitte og ligge på en yogamatte.

Det anbefales at du har på litt varm tøy (ulltrøye) og har med ekstra klær til avspenning, samt 2 pledd og en pute (dette brukes i timen for å bygge opp kroppen til passe strekk). Alle yogatimene avsluttes med en god avspenning på minimum 15 minutter.

**Ta gjerne kontakt på mobil: 90128093 eller epost til: brafokusyoga@gmail.com hvis du ønsker å høre mer om yoga eller ønsker plass på kurs.**

## Medlemsskap for trening på Fron Fysioterapi

Her kan du trene i apparatsalen (2. etg.) så mye du ønsker for kr. 350,– pr mnd. uten binding. Årskort kr. 3000,–. Nøkkelbrikke kr. 75,– Åpningstider: Hver dag (også helger) kl. 06.00–21.00.

**Ta kontakt på Facebook/Messenger (Fron Fysioterapi) eller stikk innom på dagtid for mer informasjon og innmelding.**

## Gruppetilbud for pasienter

I tillegg til individuell oppfølging/behandling, har Fron Fysioterapi flere gruppetreningstilbud der pasienter med ulike diagnoser trener etter tilpasset treningsopplegg. Den kommunale fysioterapitjenesten har også fallforebyggende grupper for de som har behov for ganghjelpemiddel, denne foregår på Sørheim.





Kunstverket «Innlagt vann» av Anna Gudmundsdottir.

# «Innlagt vann» i trappeoppgangen

Om du har besøkt kommunehuset den siste tida har du kanskje sett at vi har et nytt, flott kunstverk i trappeoppgangen? Det er Anna Gudmundsdottir fra Harpefoss som står bak verket, som har tittelen «Innlagt vann».

Maleriet ble laget til separatutstilling «Homo Gudbrandalus» på Ullinsvin sommeren 2021.

– I prosessen fabulerte jeg omkring å ha titler med utgangspunkt i boligannonser, da mye av det jeg jobbet med handlet om arkitektur som forvitrer eller kamufleres. «Innlagt Vann» ble på den måten «boligannonse-frasen» som festet seg, da nettopp innlagt vann er noe man anser som en selvfølge, sier kunstneren sjøl.

– Samtidig bringer tittelen meg videre til tanker omkring hvordan uberørt natur møter infrastruktur. I et større perspektiv, er selve fundamentet for tilværelsen vann, og man kunne like gjerne si «Innlagt uvær». Eller at det på en måte like gjerne kan ha vert en rørlegger som skapte verden? Tittelen er som sådan åpen, og jeg valgte den fordi den lager trøbbel for hvordan jeg ser og tenker, og forhåpentligvis trigger andre også, sier Gudmiundsdottir.

Verket ble avduket av ordføreren tidligere i år.



Totalt er det investert ca. 48 millioner kroner på denne ombyggingen, og resultatet ble veldig bra, forteller Åge Øverjordet i Sør-Fron kommune.

# Ombyggingen av Frya renseanlegg er ferdig

Renseanlegget er nå dimensjonert til motta avløpsvann både fra Vinstra og Ringebu.

Frya Renseanlegg er et interkommunalt selskap eid av alle 3 midtdals-kommunene. Anlegget ble bygd i 1990 og ombygd i 2000.

– Formålet med denne siste utbyggingen, som ble ferdigstilt i november 2021, var å øke kapasiteten til å motta alt avløpsvann fra Vinstra tettsted og på sikt Ringebu tettsted. I tillegg trengte anlegget bedring av arbeidsmiljøet og generell opprusting, forteller tjenesteleder for kommunalteknikk, Åge Øverjordet.

Anlegget renser også avløpsvann fra fjellområdene Gålå, Fefor og Venabygdsfjellet. Alt avløp fra Sør-Fron kommune går til Frya RA.

– Totalt er det investert ca. 48 millioner kroner på denne ombyggingen, og resultatet ble veldig bra. Kapasiteten på anlegget er økt med ca. 50 % og arbeidsmiljøet for driftspersonell har blitt mye bedre, sier en fornøyd tjenesteleder.

Rensingen av avløpsvannet foregår ved mekaniske, biologiske og kjemiske prosesser.

– Det rensa avløpsvannet som går ut igjen i Lågen får fjerna godt over 90 % av tilførte næringssalter og 75 % organisk materiale. Dette er kravene for å hindre algeoppblomstring og oksygensvikt/fiskedød i resipienten*, som til slutt blir Mjøsa, sier Øverjordet.

Total mengde avløpsvann inn på anlegget er ca. 750.000 m³/år. Slammet som tas ut av avløpsvannet blir sentrifugert og tilsatt kalk, og så kjørt ut til landbruket som jordforbedringsmiddel.

** Resipient er et faguttrykk/en felles betegnelse på bekk, elv, innsjø, hav, myr som mottar utslipp av forurensninger.*



Laget frå Sør-Fron Ungdomsskule var Eline Wassrud, Linn Falkenhaug, Kama Regina Isene Aanekre og Magnhild Kjersem Rustad.

# Kokkar i kamp

Mattradisjonane lever vidare i Sør-Fron. I haust var fire elevar og ein lærar frå Sør-Fron ungdomsskule på kokkekamp i Vågå, i regi av Norsk Smaksskule.



Kålen vart servert i tallerkenar frå Sør-Fron Framhaldsskule.

Sør-Fron Ungdomsskule var ein av fire skular i Innlandet som gjekk vidare til kokkekampen.

– I vår sendte skulane inn tekst og bilete av sjølvvald arbeid kring temaet matkultur. Fokus på berekraft og identitet var og sentralt. Vi vinkla prosjektet mot retten kål, og elevane fekk i oppgåve å finne ut om det fantes ulike variantar av kål, ved å intervjue eldre folk i bygda. Fruktdessertar var og ein del av prosjektet vårt, fortel lærar Åshild Kraggerud.

Elevane lagde eplegraut, rabarbrakompott og tilslørte bondepiker som døme på tradisjonsrike dessertar. Eit dommerpanel på fire personar vurderte smakane og prosjekta.

– Sigeren gjekk til laget frå Vang i Valdres, men det var uansett ein siger å komme vidare til finala, seier Kraggerud.



# Tar i mot nye sørfrøninger

Egentlig skulle ikke Sør-Fron kommune bosette flyktninger i 2022. Så brøt det ut krig i Europa.



Sør-Fron kommune skulle egentlig ikke bosette noen flyktninger i år, men dette endret seg da det brøt ut krig i Europa. Det har flyktningtjenesten og Marte Brunæs Torgersen fått merke. **Foto:** Bjørn K. Sletten.

Midt-Gudbrandsdal flyktningetjeneste er en interkommunal tjeneste som jobber med bosetting av flyktninger i Sør-Fron, Ringebu og Nord- Fron. Det er Sør- Fron kommune som er vertskommune for tjenesten, og de ansatte i tjenesten er ansatt i Sør- Fron kommune. Midt-Gudbrandsdal flyktningetjeneste jobber med bosetting, veiledning, oppfølging og integrering i tett samarbeid med andre tjenester og aktører, både kommunale og private.

> – De er en viktig del av vårt lokalsamfun.

– 2022 har vært et spesielt år, forteller avdelingsleder for Midt-Gudbrandsdal flyktningetjeneste, Marte Brunæs Torgersen.

– Sør-Fron kommune skulle egentlig ikke bosette noen flyktninger i år, men dette endret seg da det brøt ut krig i Europa. Så langt i år er det bosatt 25 flyktninger i Sør-Fron, forteller hun.

**En del av lokalsamfunnet**

De fleste av de bosatte flyktningene er fra Ukraina, men det er også bosatt flyktninger fra Kongo.Alle de bosatte flyktningene følges opp med tanke på jobb, utdanning, skole og barnehage.

– De er en viktig del av vårt lokalsamfunn. Det kan være skummelt å være «uttabygds», ikke bare i ei ny bygd, men i et helt nytt land. Vi som jobber i flyktningetjenesten vet at flyktningene som bor i Sør-Fron opplever å bli møtt med vennlighet og omtanke, sier Torgersen.

Det oppleves trygt å komme til en liten kommune hvor innbyggerne bryr seg om hverandre, og hvor noen sier hei til deg på butikken, hvor naboen strekker ut en hjelpende hånd når det er noe du ikke forstår og hvor barna dine trygt kan gå alene til skolen fordi skoleveien er trygg.

– Sør-Fron er hjemme for mange, og akkurat nå så er det 25 flyktninger som også skal få en følelse av å være hjemme her hos oss, avslutter Marte Brunæs Torgersen.

# Bruksendring – bo på hytta?

Kommunen får stadig flere spørsmål om hva som skal til for å få strømstøtte på hytta.

I Sør-Fron krever det en søknad om bruksendring fra fritidsbolig/utleiehytte til bolig. Gebyr for «Behandling av søknad om dispensasjon, uten høring» er pr 30.08.2022, kr. 7140,–

En innvilget søknad vil være personlig og midlertidig i 10 år - og krever at søker flytter til, og registrer hytta som primærbolig (folkeregistrert adresse på hytta).

Dersom hytta selges før 10 år er gått, vil tillatelsen falle bort, og hytta vil omsettes som en ordinær fritidsbolig/utleiehytte. Følgende krav til infrastruktur må være tilstede: godkjent vann- og avløpsanlegg, innlagt strøm, vinterbrøytet veg.

**Krav til søknad:**

- *Dispensasjon fra planformålet på grunn av endret bruk (fritids- / utleieformål til boligformål)*
- *Søknaden skal nabovarsles. Huk av for at det er en søknad om dispensasjon fra arealplan (og ev. TEK17)*
- *Fravik fra teknisk forskrift (TEK17) dersom fritidsboligen/utleiehytta ikke tilfredsstiller tekniske krav til bolig.*

Ved dispensasjon fra lov og forskrifter skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet. I plan og bygningsloven § 31-2 heter det: «[...] Kommunen kan gi tillatelse til bruksendring [...] av eksisterende byggverk også når det ikke er mulig å tilpasse byggverket til tekniske krav uten uforholdsmessige kostnader [...] Kommunen kan stille vilkår i tillatelsen [...]»

Fravik fra teknisk forskrift: De fleste hytter med oppvarmet bruksareal under 150 m² vil ha problem med å oppfylle boligkrav i TEK17. Det er særlig kravene til tilgjengelighet og energi som er vanskelig å tilfredsstille. Uforholdsmessige kostnader for å møte TEK17 krav vurderes i forhold til et tiårsperspektiv. Eksempelvis kan installasjon av varmepumpe være et tiltak for nærme seg energikravet, som i tillegg kan forsvares i et tiårsperspektiv.

**Har du spørsmål om bruksendring er byggesaksavdelingen tilgjengelig for en prat på telefon: 61 29 90 00 hverdager mellom kl. 12.00 og 14.00.**




Fleseberg skole er ein av skulane adminstrasjonen i Sør-Fron har vore og sett på for å la seg inspirere. Her dannar fellesareal og bibliotek hjertet i skulebygget. **Foto:** Eivind Lund




Skulen er ikkje teikna enda, men denne skissen viser det administrasjonen ser som «den ideelle løysinga» for ny skule i Sør-Fron.

# 320 elevar under same tak

23. juni 2022 vedtok kommunestyret ny skulestruktur i Sør-Fron kommune.

Vedtaket inneber at alle dei tre skulane i Sør-Fron, Midtbygda skule, Harpefoss skule og Sør-Fron ungdomsskule blir til ein ny 1–10 skule for 320 elevar.

Den nye skulen skal ligge på Harpefoss, der Sør-Fron ungdomsskule ligg i dag.

– Planen er at ny skule vil vere på plass til hausten 2026, sier kommunalsjef for oppvekst i Sør-Fron kommune, Eivind Lund.

## Grundig prosess

Avgjerda kjem etter ein lang prosess med blant anna involvering av elevar, føresette, tilsette og andre, og utgreiingar frå konsulentselskap og administrasjon.

Administrasjonen i Sør-Fron kommune har nettopp tilsett prosjektleiar for skuleprosjektet, og skal nå i gang med å etablere ein prosjektorganisasjon. Meir detaljerte planar for den nye skulen blir lagt fram i løpet av dei neste månadane.

– Fokus for skulane framover blir å foreine skulekulturane, og førebu alle på ein god overgang til ein ny skule, avsluttar Eivind Lund.

Du kan lese meir om skulestruktursaka og halde deg oppdatert på Sør-Fron kommune sine nettsider.

## Han blir prosjektleiar for nyskulen



Per Ivar Dahlum er tilsett som prosjektleiar for 1-10-skolen.

Per Ivar Dahlum frå Otta er tilsett som prosjektleiar for 1–10-skolen som kommunen skal bygge.

Dahlum kjem frå jobben som prosjektleiar for den nye skulen som er under ferdigstilling i Sel kommune og vart vurdert som den best kvalifiserte søkaren.

– Vi har inntrykk av at dette har vore eit veldig godt gjennomført byggeprosjekt, noko som har vorte bekrefta gjennom omfattande referanseintervju, uttalar rådmann Rune Fromreide Sommer.

Per Ivar Dahlum kjem til å rapportere til rådmannen.

– Eg ser verkeleg fram til eit nært og godt samarbeid med han i dette særs viktige byggeprosjektet i Sør-Fron kommune, avsluttar rådmannen.

## Skulane i Sør-Fron har fått nye telefonnummer

Sør-Fron ungdomsskole
480 25 242

Midtbygda skole
480 37 356

Harpefoss skole
480 38 362

# Frå boge til Hagle – glimt frå vikingdagen 2022

Sør-Fron kommune har arrangert vikingdag i snart 20 år. Her er nokre glimt frå årets dagar på Hundorp!



Desse jentene var svært nøgde med å få tvinne seg venskapsband.



Årets Vikingdagar vart avslutta med konsert med bandet Hagle. Det var populært!



Endre Skjåk er Dale-Gudbrand og Synne Madshus er husfrua.



Handverk er viktig også for moderne vikingar.



Stein Villa spelar og fortel om musikkinstrument i gamal tid. Han har også vore med heilt sidan starten.



Smiing var eit nytt og svært populært innslag.
**Alle foto: Bjørn K. Sletten**





Slik blir det nye kunstverket sjåande ut. **Skisse:** Siv Bugge Vatne.

## Avdukar nytt kunstverk til sommaren

Vinnaren er kåra i konkurransen om eit nytt kunstverk i samband med Hundorp 2021 på Dale-Gudbrads gard.

I juni blir det offisiell opning av Siv Bugge Vatne sitt vinnarverk, «Forlytning».

Kunstverket Forflytning er ein møtestad på gardstunet på Dale-Gudbrands gard. Det er laget av to steinblokker. Den eine er plassert liggande som eit landskap. Den andre er ein kampestein ståande oppå dette landskapet.

– Undersida av kampesteinen er kappa av og felt ned i landskapet eit lite stykke unna kampesteinen si plassering. Den nedfelte undersida av steinen blir som eit avtrykk, som om det har skjedd ei forflytning av kampesteinen, forklarar kurator og prosjektleiar Ingrid Økland.

– Denne forflytninga kan sjåast i ljos av steinmonumenter som symbol for makt, forstås som ei handling som kommenterer at makt over tid forfløtt seg, seier Økland.

Verket vidareførar ein lang tradisjon av steinmonument. Siv Bugge Vatne tek utgangspunkt i Dale-Gudbrands gard som ein stad for møter og dialog gjennom historia, og ho går direkte inn i tradisjonen av steinmonument på staden.

Juryen var samrøystes i valet av «Forflytning» av Siv Bugge Vatne. Verket er ei gåve frå Innlandet fylkeskommune til Sør-Fron kommune i høve tusneårsjubileet Hundorp 2021, og avduking skjer i juni 2023.



Kristian Haave er vinnar av Sør-Fron kommunes kulturpris for 2022.

## Kulturprisen for Sør-Fron 2022 går til Kristian Haave

Formannskapet i Sør-Fron vedtok 27. oktober 2022 å tildele Kristian Haave kulturprisen for 2022.

Kristian har vore ein sentral person i mange år i 4H-miljøet i Sør-Fron, har hatt fleire verv i idrettslaget, og eit langvarig og breitt engasjement for barn og unge. Han er engasjert, og ser alle til eikvar tid.

Prisen, som består av ein gåvesjekk på kr. 10 000,– og ei minnegåve, blir delt ut på den kommunale kulturkvelden i 2023.

# Kulturprisvinnarar i Sør-Fron

| År | Namn | Kategori | Særleg område/tiltak |
|---|---|---|---|
| 1986 | Arne Larsen | Musikk | Kor-Korps |
| 1987 | Gunnar Jenshus | Kulturvern | Fronsmålet- dialekt |
| 1988 | Anton Amundgård | Musikk | Folkemusikk |
| 1989 | Sør-Fron spelemannslag | Musikk | Folkemusikk |
| 1990 | Sør-Fron IL | Idrett | Skøyter mv. |
| 1991 | *Ikkje utdelt* | – | – |
| 1992 | Arne Martinsen | Musikk | Korps |
| 1993 | Per Tofte | Teater | Peer Gynt spelet |
| 1994 | Ragnvald og Åsa Frøsadal | Kunsthandverk | Trearbeid, veving, smiing |
| 1995 | Andreas Sveaass | Speider/idrett | Speiderleder - O-sport |
| 1996 | Fron trekkspelklubb | Musikk | Gammaldans |
| 1997 | Karl Olsen | Musikk o.a. | Kor, Foren Norden, Svømming |
| 1998 | Bjørnar Bakken | Idrett | Ski – friidrett |
| 1999 | James Dickenson | Musikk | Jazz, klassisk, utøver/ instruktør |
| 2000 | Hundorp musikklag | Musikk | Korps |
| 2001 | Baksia | Musikk | Dølarock |
| 2002 | Rasmus Stauri | Diverse | Folkemusikk, kulturvern, litteratur |
| 2003 | Øystein Rudi | Kult.arr. musikk | Kulturgard . folkemusikk |
| 2004 | Sør-Fron sangkor | Musikk | Korverksemd – 90 år i år |
| 2005 | *Ikkje utdelt* | – | – |
| 2006 | Berit og Knut Kvidaland | Diverse kulturarb. | Kulturformidling, kyrkje |
| 2007 | Olav Wangen | Idrett | Skøyter, fotball, Flatmoen |
| 2008 | Sør-Fron/Harpefoss sanitetsforening | Humant arbeid | |
| 2009 | *Ikkje utdelt* | – | – |
| 2010 | *Ikkje utdelt* | – | – |
| 2011 | Erland Rolstad | Musikk | Skulekorps, Storband |
| 2012 | Aina Busch Sletten | Dans | Streetdans (Ekstremdans) |
| 2014 | Kristen Brendhaugen | Friluftsliv/idrett | Skodalsåa-O-sport-Turstigar-DNT |
| 2016 | Torfinn Scheie | Idrett | Skihopping |
| 2018 | Liv Bjerke | Musikk | |
| 2020 | Erik Bjørke | Musikk | Folkemusikk |



# Leselyst på loftet

På «loftet» på kommunehuset ligg Sør-Fron bibliotek. Og biblioteket er mykje meir enn bøker.



Marit og Anne på biblioteket har laga fleire nye koselege lesekrokar i det siste.
Foto: Bjørn K. Sletten

Biblioteket har det siste året jobba med ny bibliotekplan. Som ei vidareføring av tidlegare vedtatt bibliotekpolitikk, er skulebiblioteket og leselyst for barn og unge vektlagt tungt i den nye planen.

– Vi på biblioteket har også ansvaret for skulebiblioteka i Sør-Fron, og er kvar veke ute på dei ulike skulane for å drive med formidling. Dette er ei ganske unik ordning, som vi meiner bidreg til leselyst for barn og unge i Sør-Fron, seier Marit Kamp Lie, som er biblioteksjef i Sør-Fron.

### Ulike arrangement

Folkebiblioteket si hovudoppgåve er eit breitt tilbod til alle innbyggarane i kommunen. Dei siste åra har derfor biblioteket i Sør-Fron også omskapt seg til ein møteplass – her er konsertar, utstillingar og temakveldar for barn og unge.

– I tillegg har vi arrangement for ulike grupper. Denne hausten har vi både yoga, treff for folk sopm er usynleg sjuke og ikkje minst strikkekafe som er kvar måndag kveld, fortel bibliotekmedarbeidar Anne Dalbak Evensen.

Marit og Anne på biblioteket har også laga fleire nye koselege lesekrokar i det siste, i tillegg til at du for tida kan sjå utstilling med teikningar av Svein Tangen.

### Hoppbakkar og Vinterles

15. desember kjem forfattar Thor Gotaas til biblioteket, for å fortelje om den nye boka si «Norske hoppbakker» i samtale med tenesteleiar for kultur og næring, Bjørn K. Sletten.

På nyåret dreg biblioteket i gang med ei stor nysatsing.

– Sommerles har vore ein stor suksess i fleire år. Nå startar vi opp med Vinterles også, fortel ein spent biblioteksjef.

Følg med på heimesida til kommunen og på facebooksida til biblioteket for meir informasjon om Vinterleskampanjen på nyåret.



### På leit etter den perfekte tomta

Sør-Fron kommune skal bygge dagsturhytte i 2023. Ei breitt samansett arbeidsgruppe har vore på fleire befaringar for å finne den perfekte plasseringa for hytta i vår kommune. Følg med på nettsida vår for meir informasjon om prosjektet.

### Hjelp oss å fylle kalenderen!

Vet du om et arrangement eller hendelse som det burde opplyses om i vår kalender på kommunens hjemmeside?
Send en beskrivelse av arrangementet, tid og sted til:
postmottak@sor-fron.kommune.no

### Ny gangveg på Gålå

Gangveg mellom Skifervegen ved Gålågynten og Borgen er ferdigstilt, skiltet og klar til bruk. Denne tar gående utenom trafikkert vei mellom hyttefeltene og Borgen/Gålå alpin.



Morten Liebe frå Langsua nasjonalpark.

### Ope møte på Verksodden

I slutten av oktober arrangerte kommunen ope møte om Startpunkt Verksodden – eit utviklingsprosjekt for Espedalen. Møtet var godt besøkt og det kom mange gode innspel. Nå dreg gode krefter i lag for å skape meir aktivitet og attraktivitet i Espedalen.



### Trivelig toalettbesøk

På Verksodden i Espedalen har sanitæranlegget gjennomgått en skikkelig renovering og oppgradering.

- Her har vi stort sett brukt egne ressurser for å holde kostnadene nede til å bytte all utvendig kledning og tak. Vi har boret et hull for å få innlagt vann og koblet oss på strømnettet, forteller prosjektingeniør Østen Bergum på kommunalteknikkk/plan og bygning i Sør-Fron kommune.

Det er også montert nye vakuumtoaletter, berøringsfrie vannkraner og bevegelsesstyrte ventilasjonsvifter.

- Det ble straks mye triveligere å bruke anlegget, sier Bergum.

# Hvor skal vi bo hen i framtida?

Kommunen har fått utarbeidet en mulighetsstudie som viser muligheter for fortetting av boliger i og rundt boligfeltet i Gryttingshaugen, samt i forlengelsen av Stuguvoll og Trudvang.



Tjenesteleder for plan og bygning, Grete Hølmen.
**Foto:** Bjørn K. Sletten

Mulighetsstudien har sett på arealene som er avsatt til boligbebyggelse i kommuneplanens arealdel 2014-2025 og naturlige utvidelser for å vise potensialet for boligbygging.

– Studien viser maksimalt potensiale for å synliggjøre hvordan arealene kan utnyttes. Ingenting er fastlagt ennå, forteller konstituert tjenesteleder for plan og bygning, Grete Hølmen.

Administrasjonen er i oppstartsfasen med en reguleringsprosess i området Gryttingshaugen/ Stuguvoll/ Trudvang for å få flere tilgjengelige tomter til boligbebyggelse for Harpefoss og har engasjert konsulent til oppdraget med reguleringsplan.

– Mulighetsstudien vil bli benyttet som et kunnskapsgrunnlag for utarbeidelse av en reguleringsplan, sier Hølmen.

Det vil bli møte med grunneiere og formell oppstart av planarbeid senere i høst/vinter. Grunneiere er orientert om mulighetsstudien.




Slik kan ny bebyggelse på Harpefoss løses.

## Småhusbebyggelse

Mulighetsstudien er vist som konsentrert småhusbebyggelse med en variasjon av flere hustyper langs en boliggate. Det er valgt småhus i form av ulike rekkehus, kjedehus og opp til enebolig. En variert struktur bestående av disse typologiene vil oppleves som en tilpassing til eksisterende strukturer og bebyggelse.

– Boligene av mindre størrelse har mange av de samme kvalitetene som eneboliger og vil kunne passe til mange beboere i ulik livssituasjon: For eldre som ønsker å flytte ut av en stor enebolig og over til en mindre og mer lettstelt bolig, men også for nyetablerte som ønsker en mindre og rimeligere bolig enn en stor enebolig. Disse mindre boligene egner seg også bedre for bruk i bratt terreng, da terrenginngrep minimeres når hver bolig kan plasseres på individuelle høyder, sier Grete Hølmen.

## Knapphetsgode

Utbyggingsarealer er et knapphetsgode selv i «romslige» Sør-Fron kommune.

– Det forutsettes god utnyttelse av bebyggbare arealer, for å verne om blant annet landbruks- og friluftsinteresser. I denne mulighetsstudien er det forslag til utbygging på dyrka mark, som er tett knyttet til eksisterende bebyggelse, forteller Hølmen.

I formannskapets behandling av mulighetsstudien 22.09.2022 har politikerne gitt tydelige signaler på at dyrkamark ikke skal bygges ned. Dette gjelder område C og I i mulighetsstudien.

Hele mulighetsstudien ligger tilgjengelig på kommunens hjemmeside.



## Vil ha helhetlig plan for boligutvikling

Sør-Fron kommune setter nå i gang arbeidet med helhetlig plan for boligutvikling.

Planen skal ha et langsiktig perspektiv og gjelde for perioden kommuneplanperioden 2022–2035.

Sør-Fron kommune har hittil ikke hatt en helhetlig plan for boligutvikling eller boligpolitikk.

– Vi har hatt boligsosiale handlingsplaner, som har tatt for seg virkemidler og tiltak rettet mot vanskeligstilte på boligmarkedet. Gjennom arbeidet med planstrategien og boligsosial handlingsplan har vi sett behovet for en mer helhetlig og langsiktig plan for boligutvikling i hele kommunen, sier kommunalsjef Anne Holsbrekken.

Planen er et viktig ledd i å oppfylle kommunens mål om trygge og gode oppvekstsvilkår, helse og omsorgstilbud, og ikke minst gjøre kommunen til en mer attraktiv bo- og oppholdskommune.

– Planen skal ta stilling til boligsosiale utfordringer, og finne måter å løse disse på. Kommunen har demografiske utfordringer, og det er viktig at kommunen bidrar til at flest mulig planlegger for en bosituasjon de i stor grad kan mestre på egen hånd, sier Holsbrekken.

Planen skal ha fokus på hvilke bokvaliteter kommunen mener er viktige å legge vekt på for å utvikle attraktive og gode bomiljøer i Sør-Fron. Nasjonale føringer i boligpolitikken står sentralt i arbeidet.

## Diskuterer markagrense på Gålå

Arealplanutvalget i Sør-Fron har bedt om at administrasjonen legger fram en sak for formannskapet og kommunestyret om fastsetting av «markagrense».

I slutten av oktober var arealplanutvalget i Sør-Fron samlet på Gålå. Tema for møtet var utvikling i fjellheimen, hyttebygging og markagrense.

– Sett i sammenheng med fritidsbebyggelse og tomtereserven, blir det viktig å avsette tilstrekkelige områder for sammenhengende grønnstruktur/ friluftsformål for å styre utviklingen av hvor vi kan bygge nye fritidsboliger i planperioden, heter det i adminstrasjonen sitt saksframlegg til møtet.

Det ble tid til både utendørs befaring og gode diskusjoner over store kart på Røsslyngstua på Gålå. Bakgrunnen for saken er at arbeidet med kommuneplanens arealdel er i full gang, og i den sammenheng blir det viktig å avklare hvor man kan bygge og hvor man ikke kan bygge fritidsboliger.

I nylig vedtatt samfunnsdel står det at «Sør-Frons utvikling må foregå slik at kommende generasjoner også kan leve et godt liv her. Derfor er samfunnsdelen basert på begrepet «bærekraftig utvikling». Vi skal ta sosiale, økonomiske og miljøvennlige hensyn slik at vi får en bærekraftig utvikling der vi imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for kommende generasjoner til å dekke sine behov».

Videre har samfunnsdelen følgende mål: Sør-Fron kommune skal verne om og sikre kulturlandskapet, beiteområder, naturmangfoldet og et aktivt og levende landbruk.

Vedtaket fra arealplanutvalget ble at adminstrasjonen skal legge fram en egen beslutningssak om en «markagrense» for formannskap og kommunestyre, og deretter skal denne ut på høring.

# «Mmm, så god mat! Detta var tyleg!»

Middagstreff, torsdagstreff eller musikkstunder. Å kome saman betyr mykje, og Sør-Fron frivilligsentral har mange fine møteplassar.



Her eit bilde tatt i samband med Torsdagstreff, med representantar frå Sør-Fron sanitetsforening og andre frivillige som også har hjelpt til på Middagstreff i bolig.

Stemninga er god når folk kjem saman til Middagstreff på Sørheim.

– Kvar fjortende dag er det dekka til fellesmiddag i fellesstua i ein av omsorgsbustadene. Kvar gang stiller frivillige frå eitt lag opp slik at folk får kome saman til god mat i godt lag. Dei frivillige kjem frå: Aktivitetsvennene frå Nasjonalforeningen, Bygdekvinnelaget, Harpefoss sanitetsforening, Sør-Fron sanitetsforening og Røde Kors– omsorgsgruppa. Å kome saman til eit godt måltid betyr mykje, seier frivilligkoordinator i Sør-Fron kommune, Bergljot Mæhlum.

Er det ikkje middagstreff, så er det bingo for dei i bolig på Sørheim. Pasientar på sjukeavdelingen kjem seg ut på trilletur frå april til oktober; denne Kløverturen sørger Sør-Fron sanitetsforening for. På demensavdelinga er det Musikkstund for pasientane i regi av Aktivitetsvennene. Av og til kjem to frivillige til demensavdelinga; da blir det kaffe og vaffel.

– Matsjåførane våre sørger for utkjøring av mat til eldre i byga fem dagar i veka, året rundt. Dei vågar seg ut på til dels bratte, smale og til tider glatte vegar. Maten skal fram! slår Mæhlum fast.

### Torsdagstreff på bygda

I Sør-Fron er vi heldige som har gode forsamlingshus i ulike delar av bygda: **Øvertun – Harpefoss grendahus – Lidarende.** Slik går Torsdagstreffa på omgang mellom bygdahusa.

– Om lag 25–35 personar kjem kvar gong. Fleire yngre seniorar har også begynt, seier Bergljot Mæhlum.

Treffet er frå kl. 11.00–13.00, med fast program: Balansetrim med fysioterapeut, sal av kaffe og vaffel, så underhaldning til slutt.

– Dette er ein viktig møteplass for seniorane i bygda. Heldigvis har vi eit godt samarbeid med fire idéelle lag som stiller med frivillige til kjøkkenteneste. Det er Bygdekvinnelaget, Harpefoss sanitetsforening, Sør-Fron sanitetsforening og omsorgsgruppa i Røde Kors, seier Mæhlum, som nok ein gong nyttar høvet til å rette ein stor takk til dei frivillige som driv alle desse trivselstiltaka.



Frivillige og gjestar i hyggeleg passiar på Torsdagstreff.



Klessalg står også på programmet på Torsdagstreffen.



# Nesten 25.000 stolpebesøk i år

3991 turglade jegarar deltok i årets stolpejakt i Sør-Fron. Neste år lovar arrangørane 60 heilt nye stolpar!



Stolpen på Sprenpiggen, eit av dei finaste turmåla i Sør-Fron var ny i år. I 2023 blir det neppe stolpe her. **Foto:** Bjørn K. Sletten

Ein liten nedgang frå året før til tross, kulturleiar Bjørn K. Sletten er ikkje misfornøgd med årets jakt.

– Eg syns det er fantastisk at 3.991 jegarar deltek i jakta. Eg trur ikkje det er så mange kommunar som har fleire stolpejegarar enn faste innbyggarar, seier Sletten som også trur 2021 var eit toppår grunna korona og mange norgesferierande midtdøler og hytteinnbyggarar.

Totalt var det 24.634 besøk på dei 60 stolpane i kommunen. Det gir eit snitt på 6 stolpar per jegar.

– Det er vi veldig godt nøgde med. Stolpejakta i Sør-Fron er ikkje ei konkurranse, det handlar ikkje om å kome fyrst, men om å kome seg ut på tur og å halde seg i fysisk aktivitet. Det føler vi i at vi klarer med Stolpejakten, seier Sletten.

Det har kome attendemeldingar på at det blir ein del gjentaking av stolpar frå eitt år til eit anna i Sør-Fron.



Noko av poenget med stolpejakta i Sør-Fron har vore å syne fram skjulte perler i bygda. Her frå plasseringa av stolpen på Sørensenvegen i 2022. **Foto:** Bjørn K. Sletten

– Dette heng saman med at stolpejakta vår er ei vidareføring av dei gamle turmåla. Da var det ein del «faste» turmål som måtte vera med. Så ser vi at for å engasjere flest mogleg, må vi ha større andel nye stolpar kvart år, seier Sletten.

### 60 nye stolpar

Kommunen har tatt innspela til seg.

– Neste år blir det derfor 60 nye stolpepunkt. Vi får litt å jobbe med, seier kulturleiaren.

– Vi kjem også til å prøve å ha fleire lett tilgjengelege stolpar, slik at fleire kan få tatt så mange stolpar som mogleg.

Til slutt tek vi med at to av stolpane passerte 1000 besøk: Det var stolpane ved Sør-Fron kyrkje og ved bysta av gamleordførar Egil Hernæs ved kommunehuset.

### Send oss ditt forslag!

Veit du om ein fin plass det hadde passa med ein stolpe? Send ditt forslag til kulturleiar Bjørn K. Sletten på bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no innan 1. februar 2023.




### Informasjon og opningstider

**Her finn du oss!**
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron
www.sor-fron.kommune.no

**Servicekontoret**
**E-POST:** postmottak@sor-fron.kommune.no
**TELEFON:** 61 29 90 00
**OPNINGSTIDER:**
Måndag–fredag: kl. 09.00–14.00.

**Biblioteket**
**E-POST:** bibliotek@sor-fron.kommune.no
**TELEFON:** 61 29 91 40
**OPNINGSTIDER:**
Måndag: kl. 12.00–19.00
Tysdag: Stengt
Onsdag: kl. 10.00–15.00
Torsdag: kl. 10.00–15.00
Fredag: Stengt

**Returadresse:**
Sør-Fron kommune
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron

NORGE P.P.
posten

